

Årsrapport hjort – 2025:



Overordna forvaltningsmål


Kommunen har fastsett forvaltningsmål for hjortebestanden i kommunen i [Hjorteviltstrategi Tysnes kommune - 2023 - 2033](#) :

Dei overordna forvaltningsmåla som er fastsett der er :

- Hjortepopulasjonen skal reduserast med 30 – 40 % med lokale tilpassingar.
- Forbetre kjønnsfordelinga med meir vaksne hanndyr i høve hodyr – Sett kolle per bukk - 1,5
- Auke gjennomsnittlege slaktevektar for dei ulike årsklassane

Avskyting og populasjonsutvikling 2011 – 2025:

Tildelte og felte hjort i perioden




Figur 1 viser tildelte fellingsløyve og tal felte hjort på venstre akse og fellingsprosent på høgre.

Forvaltningsstrategien har mål om ei reduksjonsavskyting med auka uttak frå 2023 og dei fyrste 3-5 åra. Avskytinga er auka frå 733 felte hjort i 2022 til 778 i 2023 og 823 i 2024 og var såleis i samsvar med målsetjinga. For 2025 vart fellingstalet redusert til 718 dyr som utgjør ein reduksjon på 105 dyr som tilsvarar om lag 13 %.




Kalv og ungdyr i jaktuttaket



Figur 2 viser kor stor del kalv og ungdyr har utgjort i % av det samla jaktuttaket.

Kalv har lenge utgjort ein stor del av jaktuttaket og utgjorde for 2023 – 2024 34,6 % av det totale jaktuttaket. I 2025 vart kalvedelen redusert noko og utgjorde 31 % og for perioden 2023 – 2025 har kalv utgjort 33,3 % av det samla jaktuttaket så ein er framleis godt innanfor i høve målet om minst 30 % kalv. Ungdyr har lenge utgjort ein relativt jamn del av uttaket og for siste 3 år har fjorkolle utgjort 16,2 % som er litt under målet om 18 – 20 %. Spissbukk har siste 3 år utgjort 15,3 % av jaktuttaket som er nær målet om maksimalt 15 %.

Eldre dyr i jaktuttaket




Figur 3 viser andelen eldre dyr i jaktuttaket i % av samla jaktuttak.

For eldre dyr så har avskytingsplanen i forvaltningsstrategien mål om at eldre hodyr skal utgjere over 25 % og eldre hanndyr mindre enn 12 % av det totale jaktuttaket. Delen eldre hodyr har auka dei siste åra og utgjorde siste året 25 %. For siste 3 år samla har eldre hodyr utgjort 22,2 % så ein nærmar seg målet om minst 25 %. Eldre hanndyr har utgjort 12,9 % som er nær målet på maksimalt 12 %.



Kjønnsfordeling i samla jaktuttak




Figur 4 viser fordeling av jaktuttaket på kjønn for alle årsklassar samla.

Måla for planperioden har vore at ein skal ha ei overvekt av hodyr noko ein her har hatt ein del år. I sum for dei 3 siste åra har hanndyr utgjort 45,1 % og hodyr 54,83 % av det totale jaktuttaket. Avskytinga har såleis vore i samsvar med målsetjinga og positiv i høve å betre kjønnsbalansen i hjortebestanden.

Data frå Sett hjort registreringar:


Sett hjort per jegerdag:



Figur 5 viser Sett hjort pr jegerdag i utmark på venstre akse og tal felte hjort på høgre.

Trenden (stipla line) for indeksen er minkande om ein ser perioden under eitt, men dei seinare åra har den med litt årlege variasjonar vore relativt stabil. Så for perioden sett under eitt tyder det på at bestanden er i reduksjon. Avskytinga auka monaleg fram til 2021 og har dei seinare med årlege variasjonar vore nokolunde stabil.





Figur 6 syner indeksen for Sett hjort per jegerdag for perioden 2021 - 2025

For dei siste 5 åra er trenden for indeksen svakt minkande som tyder at populasjonen er svakt minkande, men ein ser her ikkje teikn til nokon større reduksjon. Dei seinare åra har bruk av termiske kikkertar for å lokalisere hjort vorte meir og meir vanleg. Dette er med å effektivisere jakta og gjer at det vert observert fleire hjort enn utan slike hjelpemiddel. Vestland fylkeskommune har nyleg gjennomført ei undersøking kring bruken av dette og føring av observasjonar. Resultat frå denne tyder at dette etter kvart er vanleg i mange jaktlag og at det vert observert og registrert fleire hjort enn utan slike hjelpemiddel. Kor utbreidd bruken av dette er varierer ein del og det er difor vanskeleg å sei noko konkret om effekten av dette på indeksen.




Figur 7: syner kor stor del av observerte dyr som vert felt

Som ein ser så er det siste året felt lang færre av sette kalvar enn føregåande år. Det er færre felte kalvar som utgjer reduksjonen i avskytinga siste året (Figur 10). Dette kan kanskje tolkast til at jegerane har «spart» kalvar og at reduksjonen i populasjonen ikkje er like stor som reduksjonen i avskytinga kan indikere.




Sett kolle per bukk:



Figur 8: syner indeksen for Sett kolle pr bukk

Trass i ein uvanleg høg indeks siste året er trenden for indeksen framleis minkande noko som tilseier at det vert fleire bukkar i høve koller i bestanden. At indeksen gjer eit byks opp i 2025 synest noko merkeleg då ein no i lengre tid har hatt ei god overvekt av hodyr i uttaket (Figur 4).




Figur 9: syner gjennomsnittlege slaktevektar for kalvar og ungdyr registrert i Tysnes kommune.

Utviklinga av slaktevektene for kalvar og ungdyr har lenge vore minkande. Nedgangen var størst dei fyrste åra i perioden og har seinare avteke. Dei siste 3 – 4 åra er det ikkje nokon vidare reduksjon så kanskje er ein i ferd med å snu trenden i samsvar med forvaltningsmålet.



Oppsummering – status for hjortepopulasjon



Figur 10 syner kor mange dyr av ulike kategoriar som årleg er felt i perioden på venstre akse og tal felte hjort totalt på høgre akse.

Det var lenge god vekst i populasjonen og avskytinga har auka lenge for å få ein markant reduksjon siste året. Auken i avskytinga har hovudsakleg vore gjort ved å ta ut fleire kalvar. Reduksjonen siste året er hovudsakleg gjort ved å ta ut færre kalvar. Det er ein auke av talet koller i uttaket siste åra men for dei andre gruppene er uttaket rimeleg stabilt. Fordelinga av avskytinga har såleis vore positivt i høve måla om auke gjennomsnittsalderen og å betre kjønnsfordelinga.

Utifrå indeksen for Sett hjort per jegerdag (Figur 6) er signala at ein har hatt ein mindre reduksjon av populasjonen dei siste åra. Utifrå vurderingane kring bruken av termiske hjelpemiddel som er gjort der meiner ein at reduksjonen mest truleg er ein del større enn det indeksen tilseier.

Utviklinga av indeksen for Sett kolle per bukk (Figur 7) går rett veg men er framleis eit stykke frå målet om 1,5. Utifrå avskytinga der ein dei siste 8 åra har hatt ei god overvekt av hodyr i jaktuttaket hadde ein forventa at denne indeksen hadde minka meir. Noko god forklaring på dette har ein ikkje, men det kan vere tilhøve til korleis bukkane brukar landskapet gjennom jakta i høve kvar det vert jakta (observert) mykje, eller tilhøve knytt til trekk som påverkar.

Slaktevektene for kalvar og ungdyr har med litt årlege variasjonar vore relativt stabile dei seinare åra. Den negative utviklinga synest difor å ha stogga. Om ein er i ferd med å snu utviklinga og å gå mot auke i vektene er det for tidleg å sei noko sikkert om.

Reduksjon av hjortepopulasjonen i høve målsetjing

Forvaltningsstrategien (2023 – 2033) har mål om å redusere populasjonen med 30 – 40 % for å kome på eit nivå ein hadde kring 2000 – 2005. Reduksjonen skal vere størst i område med høg tettleik og stor belastning på skog og jordbruk.



Då ein ikkje har noko tal for populasjonsstorleiken er det vanskeleg å gjere noko heilt konkret vurdering av dette. Utifrå vurderingane av Sett hjort per jegerdag har ein hatt ein reduksjon dei seinare åra. Avskytinga gjekk markert ned i 2025 og fellingsprosenten som lenge har lege godt over 80 % fall til 72 %. Dette kan kanskje tyde at det nokon stader vert vanskelegare å felle mykje hjort og kan underbyggje vurderinga om at bestanden er i reduksjon. Reduksjonen i avskytinga siste året skuldast i hovudsak uttak av færre kalvar. Om ein ser dette opp i mot indeksen for felte av sette dyr (figur 7) kan det derimot vere teikn til at kalvar bevisst har vore «spart». Om dette er tilfelle så er nok reduksjonen av populasjonen mindre enn det reduksjonen av fellingstal og prosent skulle tilsei.

I perioden 2000 – 2005 vart det felt kring 350 hjort i året som er godt under halvparten av det som har vore felt siste åra. I den fyrste perioden var populasjonen i god vekst og ein felte langt mindre enn tilveksten medan ein dei siste åra har felt litt meir enn tilveksten. Det går difor ikkje å bruke fellingstala for å samanlikne populasjonsstorleik mellom dei 2 periodane direkte.

Ved ein vinterbestand på 2000 – 2005 nivå vil ein med ei avskyting på nivå med tilveksten kunne ta ut langt fleire hjort enn det som vart gjort då. Dette særleg om kalv utgjer ein stor del av uttaket som i seinare år. Ein har og mål om framover å ha ein større del vaksne hanndyr i populasjonen enn tidlegare. Dette er ein på veg mot og ein slik bestand vil ha ei noko mindre reproduksjonsevne enn ein bestand med stor overvekt av hodyr som tidlegare. Dette kan motverkast noko ved auka gjennomsnittsalder då ein større del av kollene vil ha kalv. Gjennomsnittsalderen i populasjonen er aukande då kalv og ungdyr siste 8 åra har utgjort hovudtyngda av jaktuttaket (Figur 2) samstundes som ein dei 2 siste åra har hatt reduksjon av populasjonen.

Populasjonen av hjort i kommunen er redusert noko dei siste åra. Utan å kunne gje noko konkrete tal for det meiner ein likevel at ein framleis er eit godt stykke frå målsetjinga. For å nå reduksjonsmålet må ein dei fyrste åra freiste å oppretthalde eit uttak på nivå med siste 3 år. Uttaket bør ha ein stor del kalv og ei overvekt av hodyr som siste 3 år.

Magnus Frøyen
Norsk hjortesenter

